



## MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Formannskapet  
**Møtedato:** 01.02.2018  
**Møtetid:** Kl. 15:00 - 18:05  
**Møtestad:** Kommunestyresalen

---

Av 9 medlemmer møtte 9, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Aadland, Nils	A
Øystese, Olaug Karin	A
Frøland, Knut Harald	BL
Tveit, Lena	BL
Haga, Odd Arne	FRP
Røen, Arild	H
Aasgaard, Inge	KRF
Røen, Øyvind	SP
Tjønnå, Monica	SP

### Møtenotatar:

Odd Arne Haga (Frp) møtte kl. 15:55.

Andre som var til stades på møtet:

- Charlotte Hageberg, rådmann
- Jan Erik Boge, rådgjevar

Orientering frå rådmannen om personalsak vart gjort etter handsaminga av sak 005/2018.

Vedlegg til møteprotokollen:

1. Protokollmerknad frå Olaug Øystese (A) til innkalling og sakliste
2. Protokollmerknad frå Olaug Øystese (A) - vassleveranse til Jan Ove Haga sin bolig på gnr. 27/bnr. 123 på Tysse

<b>Møteleiar:</b>	Frøland, Knut Harald
<b>Møtesekretær:</b>	Boge, Jan Erik

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 12.02.2018

---

Frøland, Knut Harald  
ordførar

---

Boge, Jan Erik  
rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

## Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/2018	18/46	Faste saker	
002/2018	16/1011	Godkjenning av møteplan for 2018	
003/2018	09/197	Vurdering av kommunalt tilskot til breibandsutbygging	
004/2018	15/936	Reglar og rutinar for vurdering av gildskap ved behandling av politiske saker	
005/2018	11/333	Vegtilkomst til Économusée Fjordtønna	

## SAKNR. 001/2018: Faste saker

### 01.02.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

#### Godkjenning av møteinnkalling/sakliste

Olaug Øystese varsla munnleg og på e-post at ho ville ta opp sak vedrørende veg/vatn til Jan Ove Haga under utvalet sitt kvarter, og bad om at dette vart protokollført. Kopi av e-posten som Olaug Øystese sende, følgjer som vedlegg 1 til møteprotokollen.

### Delegerte vedtak/referatsaker

#### Sonestruktur

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om utviklinga i saka. Samnanger er foreslått i sone 6 saman med Kvam. Han viste til informasjon i e-posten han sende til kommunestyremedlemme 31.01.2018.

#### Sjuefråværet i kommunen

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om sjuefråværet i kommunen i 2018.

#### Status verdi-, nærvær- og leiarutviklingsprosjekt i organisasjonen

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om status og planlagte aktivitetar i 2018. Alle tre prosjekta er godt i gang. Formannskapet vil 11. og 12.04.2018 få oppdatert informasjon om prosjekta, spesielt om verdiprosjektet. Vedrørende nærværprosjektet peika rådmannen på at det er svært låg bruk av eigenmeldingar i kommunen. Ho har teke dette opp med einingsleiarane, og bedt dei om å informera tilsette om retten til å bruka eigenmeldingar ved sjukdom, og om å oppmoda tilsette om å bruka eigenmeldingar i langt større grad enn i dag. Olaug Øystese peika på at informasjon til tilsette om reglar for bruk av eigenmeldingar er viktig.

#### Status nytt bufellesskap på Skottabakken

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte. Prosjektet er litt forsinka i forhold til opprinneleg tidsplan. Sannsynleg ferdigstilling/innflytting er sommaren 2019.

#### Søknad statleg sikring av badevik Bjørkheim

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om kontakten han har hatt med Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) i denne saka. BOF har anbefalt at kommunen søkjer om at badevika blir statleg sikra, og kommunen har no søkt om dette.

#### Fossen bratte

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte. Kommunen har fått 400.000 kroner i tilskotsmidlar. Teknisk forvaltning har starta å arbeida med saka, mellom anna med å kartleggja kva andre aktørar som kan/skal vera med i prosjektet. Ordføraren viste også til rapport frå Asplan Viak.

#### Steinmassar ny parkeringsplass på Bjørkheim

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte kort om saka. Øyvind Røen (Sp) orienterte om at han under Utvalet sitt kvarter ville stilla spørsmål om matjorda i parkeringsområdet som no blir fylt med stein.

#### Status tilsetjingssaker

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om status for tilsetjing av spesialpedagog/PPT-rådgjevar og psykolog.

### Helsetunet

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om tankar om eventuell utviding av helsetunet. Ho viste også til e-postar/lesarbrev frå den privatpraktiserande fysioterapeuten ved helsetunet.

### Tannlege

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) viste til at det i regjeringsplattforma er lagt opp til forsøksordning der kommunar som sjølv ønskjer det, kan overta ansvaret for tannhelsetenesta. Ordføraren har mellom anna kontakt med fylkestannlegen og ordføraren i Masfjorden vedrørande denne saka.

### Legevakt og first responder-bil

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte. Det var hausten 2017 eit møte mellom Samnanger, Vaksdal, Osterøy og Kvam om mogleg legevaktsamarbeid, men det ser pr. i dag ikkje ut til å bli legevaktsamarbeid mellom desse kommunane. Inntil vidare avventar Samnanger spørsmålet om mogleg legevaktsamarbeid med andre kommunar enn i dag.

Rådmannen orienterte òg om ordninga med first responder-bil. Ho vil sjå på bruken av bilen (talet på oppdrag, typar oppdrag m.m.), og på bakgrunn av dette ha vidare diskusjonar om saka/ordninga.

### Idrettshall og vidare prosess

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte. Kommunen har fått 1 million kroner i tilskot, og kan få 1 million til dersom me søker før 01.05.2018. Det ligg ikkje inne midlar til idrettshall i gjeldande økonomiplan. Formannskapet diskuterte vidare arbeid/prosess. Arild Røen (H) ønska å setja ned ei arbeidsgruppe, der mellom anna idrettslaget er med. Arild Røen og Nils Aadland (A) viste til arbeidet som vart gjort for ein del år sidan knytt til idrettshall/fleirbrukshall i Samnanger, og rapporten frå dette arbeidet.

Konklusjonen i møtet vart at formannskapet gav rådmannen i oppdrag å leggja fram sak i kommunestyret 22.02.2018 om etablering av arbeidsgruppe for ny idrettshall/fleirbrukshall, inkludert mandat for arbeidsgruppa.

### Nyutløtrævegen

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om utfordringar/belastningar for tilsette knytt til krav/henvendelsar frå rettshjelpar. Kommunestyret har løyvd 200.000 kroner til opprusting av vegen, men det er førebels ikkje etablert veglag for Nyutløtrævegen og desse midlane er derfor framleis ikkje overført.

### Krekavegen

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at Jan Ove Haga har teke kontakt med han og bedt ordføraren (som ombodsmann) om å løysa saka. Ordføraren bad om at formannskapet gir uttale om kor vidt ordføraren/politisk nivå skal handsama denne saka. Formannskapet diskuterte så, på bakgrunn av innspel frå Olaug Øystese (A), om kommunestyret 20.09.2017 bestemte at saka ikkje skal handsamast politisk. Olaug Øystese viste til merknaden sin til møteinnkallinga/sakslista for formannskapet 01.02.2018, der ho varsla at ho ville ta opp sak vedrørande veg/vatn til Jan Ove Haga under Utvalet sitt kvarter. Ho orienterte om at ho no i staden valde å ta opp saka i samband med diskusjonen om Krekavegen. Olaug Øystese ønskte å setja fram eit framlegg til vedtak, som ho las opp og sende ut på e-post. Ho bad om at dette dette vart protokollført. Ordføraren bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet orienterte ordføraren om at han ønskte at formannskapet skal røysta over om saka skal opp til politisk handsaming, men at det ikkje skal røystast over vedtaksframlegget til Olaug Øystese. Ordføraren meinte at vedtaksframlegget til Olaug Øystese har meir karakter av intepellasjon enn vedtaksframlegg. Ordføraren bad administrasjonen undersøka om Olaug Øystese har rett til å få vedtaksframlegget protokollført i møteprotokollen.

**(Merknad frå administrasjonen:** Administrasjonen har 02.02.2018 sett på ordføraren sitt spørsmål. Jf. kommunelova § 30.3 er det opp til kommunen å fastsetja nærmare reglar for føring av møtebok/møteprotoll. På side 6 i Samnanger kommune sitt reglement for kommunestyret m.fl. går det fram at medlemmene i utvalet har høve til å knytta ein merknad i protokollen under handsaminga av ei sak. Det er ikkje presisert nærmare om det er begrensingar knytt til form eller lengd på protokollmerknader. Administrasjonen si tilråding er at Olaus Øystese sitt framlegg vert lagt som vedlegg til møteprotokollen. Denne tilrådinga er diskutert med ordføraren, og det er bestemt at Olaus Øystese sin e-post vedrørande vassforsyning til Jan Ove Haga skal leggjast ved møteprotokollen).

Det vart til slutt røysta over om saka vedrørande Krekavegen skal opp til politisk handsaming. Ein representant røysta for at saka skal opp til politisk handsaming og 8 røysta for at saka ikkje skal opp til politisk handsaming.

For at saka skal opp til politisk handsaming	Imot at saka skal opp til politisk handsaming
Olaus Øystese (A)	Knut Harald Frøland (Bl)
	Øyvind Røen (Sp)
	Monica Tjønnå (Sp)
	Lena Tveit (Bl)
	Odd Arne Haga (Frp)
	Nils Aadland (A)
	Inge Aasgaard (Krf)
	Arild Røen (H)

#### Orientering om personalsak (orienteringa vart halden etter handsaminga av sak 005/2018)

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at ho ville orientera om ei personalsak. Formannskapet vedtok samrøystes å lukka møtet under denne orienteringa, med heimel i kommunelova § 31.3. Møtet vart så lukka. Rådmannen orienterte deretter om saka, som gjeld ei personalkonflikt i ei av einingane.

#### **Utvalet sitt kvarter**

##### VA i Eikedalen

Inge Aasgaard (Krf) spurde om status for VA i Eikedalen. Ordføraren orienterte kort om dette.

##### Utfylling av ny parkeringsplass på Bjørkheim

Øyvind Røen (Sp) spurde om matjorda på tomte er teken vare på, eller om matjorda ikkje vart fjerna før det vart fylt stein på tomte. Administrasjonen fekk i oppgåve å undersøkje dette.

##### Kommunal fakturering via Vipps

Lena Tveit (Bl) viste til at Bergen kommune no tilbyr fakturering på Vipps, og spurde om det vil bli slikt tilbod òg i Samnanger. Rådmannen orienterte om at dette er noko som vil bli sett på i samband med kommunen sitt arbeid med digitalisering.

##### Status reguleringsplan Hagabotnane

Odd Arne Haga (Frp) spurde om status for arbeidet med reguleringsplan for Hagabotnane. Rådmannen bad han melda dette inn som spørsmål til kommunestyremøtet 22.02.2018.

##### Ny app i barnehagane

Lena Tveit (Bl) viste til at barnehagane i kommunen nyleg har teke i bruk app'en Vigilo, og at dette er positivt. Inge Aasgaard (Krf) orienterte i samband med dette også kort om skulane sitt arbeid med

nye digitale løysingar.

#### Møte med Nordhordland IKT

Rådmannn Charlotte Hageberg orienterte om møte 18.01.2018 med representantar for Nordhordland IKT, og om at det er behov for å vurdera samarbeid med andre kommunar på IKT-området.

Med dei endringane/presieringane som framgår ovanfor, vart rådmannen sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

#### **FORM- 001/2018 Vedtak:**

Sak om Krekavegen skal ikkje opp til politisk handsaming.

Rådmannen får i oppdrag å leggja fram sak i kommunestyret 22.02.2018 om etablering av arbeidsgruppe for ny idrettshall/fleirbrukshall, inkludert mandat for arbeidsgruppa.

Øvrige delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

### **SAKNR. 002/2018: Godkjenning av møteplan for 2018**

#### **01.02.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Odd Arne Haga (Frp) spurde om kvifor det ikkje er sett av to dagar til budsjettmøte i formannskapet hausten 2018. Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at dette skuldast endringar i gjennomføringa av budsjettprosessen i forhold til tidlegare år.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **FORM- 002/2018 Vedtak:**

Framlegget til møteplan for 2018 vert vedteke. Det enkelte organ (formannskap, utval, råd) får fullmakt til å gjera justeringar i møteplanen sin i løpet av 2018 dersom det er behov for dette.

Frå og med 2018 skal det i kommunestyret sitt desembermøte leggjast fram sak om møteplan for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet, administrasjonsutvalet, arbeidsmiljøutvalet, eldrerådet, ungdomsrådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne. Kommunestyret skal der vedta møteplanen for desse organa for det komande året. Det enkelte organet skal ha fullmakt til å gjera justeringar i møteplanen sin i løpet av året dersom det er behov for dette. Kontrollutvalet, som har eige sekretariat som ikkje har tilknytning til kommuneadministrasjonen, fastset møteplanen

sin sjølv.

Som følgje av vedtaket vert punkt 21 i Samnanger kommune sitt reglement for kommunestyret m.fl. endra, ved at første setning i punktet vert teken vekk og erstatta med innhaldet i teksten i avsnittet ovanfor.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegget til møteplan for 2018 vert vedteke. Det enkelte organ (formannskap, utval, råd) får fullmakt til å gjera justeringar i møteplanen sin i løpet av 2018 dersom det er behov for dette.

Frå og med 2018 skal det i kommunestyret sitt desembermøte leggjast fram sak om møteplan for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet, administrasjonsutvalet, arbeidsmiljøutvalet, eldrerådet, ungdomsrådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne. Kommunestyret skal der vedta møteplanen for desse organa for det komande året. Det enkelte organet skal ha fullmakt til å gjera justeringar i møteplanen sin i løpet av året dersom det er behov for dette. Kontrollutvalet, som har eige sekretariat som ikkje har tilknytning til kommuneadministrasjonen, fastset møteplanen sin sjølv.

Som følgje av vedtaket vert punkt 21 i Samnanger kommune sitt reglement for kommunestyret m.fl. endra, ved at første setning i punktet vert teken vekk og erstatta med innhaldet i teksten i avsnittet ovanfor.

## **SAKNR. 003/2018: Vurdering av kommunalt tilskot til breibandsutbygging**

### **01.02.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) viste til at Olaug Øystese (A) hadde meldt inn spørsmål om gildskapen sin i denne saka. Olaug Øystese las opp spørsmålet. Ho gjekk frå medan formannskapet vurderte gildskapen hennar. Ho vart samrøystes funnen gild i saka og tok plass att i møtet.

Nils Aadland (A) viste til at fiber beredskapsmessig er ei betre løysing enn løysingar som er baserte på straum. Han bad om at val av teknisk løysing blir ein del av kartlegginga.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FORM- 003/2018 Vedtak:**

Rådmannen får i oppdrag å kartleggja status for breibandstilbodet i heile kommunen og leggja fram rapport om dette på neste møte i formannskapet.

Det skal vidare utarbeidast målsetjingar for breibandstilbodet i kommunen. Dette arbeidet kan gjerast som ein del av arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen. På grunnlag av målsetjingane som vert vedtekne må det utarbeidast strategi/plan for vidare utbygging av breiband i kommunen.



Spørsmålet om eventuelt kommunalt tilskot til breibandsutbygging i Bjelkarvikvegen vil ikkje bli vurdert før tidlegast i neste møte i formannskapet.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen får i oppdrag å kartleggja status for breibandstilbodet i heile kommunen og leggja fram rapport om dette på neste møte i formannskapet.

Det skal vidare utarbeidast målsetjingar for breibandstilbodet i kommunen. Dette arbeidet kan gjerast som ein del av arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen. På grunnlag av målsetjingane som vert vedtekne må det utarbeidast strategi/plan for vidare utbygging av breiband i kommunen.

Spørsmålet om eventuelt kommunalt tilskot til breibandsutbygging i Bjelkarvikvegen vil ikkje bli vurdert før tidlegast i neste møte i formannskapet.

## **SAKNR. 004/2018: Reglar og rutinar for vurdering av gildskap ved behandling av politiske saker**

**01.02.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Olaug Øystese (A) spurde om spørsmåla i notatet frå kontrollutvalet som låg ved saka, skal handsamast av formannskapet eller kommunestyret. Knut Harald Frøland (BI) orienterte om at notatet vart lagt fram for kommunestyret 20.09.2018 og ikkje skal handsamast ut over dette.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FORM- 004/2018 Vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til reglar/rutinar for vurdering av gildskap ved handsaming av politiske saker vert vedteke, og vert vedlegg til Reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til reglar/rutinar for vurdering av gildskap ved handsaming av politiske saker vert vedteke, og vert vedlegg til Reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet.

## **SAKNR. 005/2018: Vegtilkomst til Économusée Fjordtønna**

**01.02.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Inge Aasgaard (Krf) spurde om det er gjort ei juridisk vurdering av spørsmålet om eventuell plikt for kommunen knytt til utbetring av vegen. Jan Erik Boge viste til saksutgreiinga, der det går fram at det ikkje er gjort ei ekstern juridisk vurdering, men at ei slik vurdering kan gjerast dersom politisk nivå i

kommunen ønskjer det.

Lena Tveit (Bl) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*Formannskapet ber kontrollutvalget vurdere saka i kva grad Samnanger kommune har påtatt seg juridiske forpliktelser, og vurdere tidligare ordførar si rolle i saka. Samnanger kommune skal i tida fram til neste politisk behandling forsette dialog med Norges vel, samt arbeida for å prøva å få tilskot frå andre instansar til utbedring av vegen.*

Inge Aasgaard (Krf) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*Formannskapet ber kontrollutvalget vurdere saka i kva grad Samnanger kommune har påtatt seg juridiske forpliktelser.*

*Samnanger kommune skal i tida fram til neste politisk behandling forsette dialog med Norges vel, samt arbeida for å prøva å få tilskot frå andre instansar til utbedring av vegen.*

Olaug Øystese (A) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*Adm. går vidare med utgreiing av vegløyisinga opp til Fjordtønna. Ein tek kontakt med lokale entreprenørar for å få eit overslag over løysingar og event.kostnader med prosjektet.*

Øyvind Røen (Sp) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet trekte Inge Aasgaard det første framlegget sitt, og sette fram følgjande nye framlegg til vedtak:

*Formannskapet ber administrasjonen innhenta juridisk vurdering av Samnanger kommune sitt ansvar og forpliktingar i denne saka. Frist for å få vurderinga gjennomført er 20.mars 2018.*

Olaug Øystese trekte framlegget sitt.

Ved røystinga fekk Lena Tveit sitt framlegg 5 røyster og vart vedteke. Inge Aasgaard sitt framlegg fekk 4 røyster og rådmannen sitt framlegg fekk ingen røyster.

For Lena Tveit (Bl) sitt framlegg	For Inge Aasgaard (Krf) sitt framlegg
Lena Tveit (Bl)	Inge Aasgaard (Krf)
Knut Harald Frøland (Bl)	Nils Aadland (A)
Øyvind Røen (Sp)	Olaug Øystese (A)
Monica Tjønnå (Sp)	Arild Røen (H)
Odd Arne Haga (Frp)	

#### **FORM- 005/2018 Vedtak:**

Formannskapet ber kontrollutvalget vurdere saka i kva grad Samnanger kommune har påtatt seg juridiske forpliktelser, og vurdere tidligare ordførar si rolle i saka. Samnanger kommune skal i tida fram til neste politisk behandling forsette dialog med Norges vel, samt arbeida for å prøva å få tilskot frå andre instansar til utbedring av vegen.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vil krevja betydelege økonomiske midlar dersom den kommunale vegen opp til Économusée Fjordtønna skal utbetrast slik at det blir god tilkomst for større bussar (turbussar). Stipulert kostnad er 1,2 – 2 millionar kroner, avhengig av kva løysing som vert valt. Ein vesentleg del av utgiftene vil truleg måtte dekkast av kommunen. Behovet for utbetring av denne vegen må sjåast opp mot mellom anna kommunen sin økonomiske situasjon og behovet for midlar til vedlikehald og utbetring av andre kommunale vegar og bygningar. På bakgrunn av dette finn ikkje kommunen å kunne

prioritera midlar til å utbetra vegen opp til Économusée Fjordtønna til ein standard gir god tilkomst for større bussar (turbussar).

Kommunen vil arbeida for å prøva å få tilskot frå andre instansar til utbetring av vegen. Dersom andre instansar gir tilsegn om tilskot, vil kommunen sjå på saka på nytt.